



Statens vegvesen

Espen Husa
Postboks 75
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest
Bergen distrikt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Øystein Hagesæther - 56342954

Vår referanse:
2006/065742-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
27.09.2006

Førehandstilsegn med krav til å utbetre eksisterande avkøyring

Vi syner til Dykkar søknad av 14.08.06, og synfaring 13.09.

Med heimel i Veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det vil frå vår side kunne påreknast løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse frå Fv 245 hp 01 ved km 4,635 til bustad på gnr. 27 bnr. 21, under føresetnad om at dei tekniske krava vert oppfylte.

Vi gjer Dykk merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova og ikkje Dykkar rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar.

Vi set følgjande krav:

1. Dette er berre eit tilsegn og ikkje eit løyve. Avkøyrsla skal vere bygd av tiltakshavar og godkjent av Statens vegvesen innan 3 - tre år frå d.d., elles fell tilsegna bort.
Kommunen skal ikkje gje byggjeløyve før endeleg godkjent avkøyrsløse frå Statens vegvesen føreligg.
2. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og Vegdirektoratet sine regler om avkøyrsløse.
3. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrsløse.
4. Frisiktkrav til høgre og venstre vert sett til 3 x 65 meter. (sjå skisse). Dette inneber at alle sikthindringar (vegetasjon, terreng m.m) over 0,5 meter i planet mellom avkøyrsløse og Fv 245 må fjernast. For denne avkøyrsløse må sikta ordnast i retning Fosse. Ved å flytte avkøyrsløsepunktet nokre meter mot nord vil ein oppnå tilfredstillande sikt. Og ein unngår å fjerne gjerde langs eigedomen.
5. Svingradius vert sett til 3 meter (sjå skisse).
6. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsløse skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.

7. Det må leggjast snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisikoene.
8. Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen.

Når avkøyrsla er opparbeidd og godkjent etter krava, vert bruksløyve gjeve av Statens vegvesen. Ta kontakt med distriktskontoret dersom det er spørsmål i samband med opparbeidinga og for endeleg godkjenning av avkøyrsla.

Vedtaket kan påklagast jf. vedlagt "Melding om rett til å klage på forvaltningsvedtak".

Plan og forvaltning - Bergen distrikt
Med helsing

Odd Høydalsvik
senioringeniør

Øystein Hagesæther

3 vedlegg

Kopi: Meland kommune, pb 79, 5906 Frekhaug